



Faktagrunnlag Liabygda

Storleik og geografisk plassering

Grunnkrins 15250101 Liabygda ligg i Stranda kommunen. Liabygda ligg på austsida av Storfjorden mens resten av Stranda kommune ligg på vestsida av Storfjorden. Liabygda er geografisk plassert med kommunesentera Stordal og Valldal i Fjord kommune på kvar side.

Det er også verd å merke seg at Fjord kommune grensa over til vestsida av Storfjorden lengst nord, i dette området ligg det ei stor lokasjon som har konsesjon på Laks, ein må sjå dette saman i den totale vurderinga. Ser ein på vurderingane frå Statsforvaltaren og kvar ein legg grunnlaget for å trekke grensa på kartet under vert like naturleg å sjå til begge sider av kartet. **Det er gjort til eit poeng kvar ein ligg geografisk, skal det skal være eit poeng om kvar ein ligg geografisk, vert det naturleg å legge ved figur 1 kart som synleggjer dette poenget.** Både Stranda og Fjord som kommunar er små, og det vert synt gjennom at det er naudsynt med samarbeid for å kunne dra nytte av stordrifts fordelar.





Figur 1 kart for å syne logikken som statsforvaltaren nyttar for å forklare rette sjølinjeer , brune og grøne prikkar syner dette som eit faktum om vest og aust.

Liabygda har til saman eit landareal på 38,70 km² og utgjer om lag 4,5 prosent av totalt landareal i Stranda kommune.

Innbyggartal og demografi


Talet på innbyggjarar busett i Liabygda per 1.1.2024 er 184. Innbyggartalet i heile Stranda kommune er 4348 innbyggjarar og 2492 i Fjord kommune. Innbyggjarane i Liabygda utgjer om lag 4 prosent av innbyggjarane i Stranda kommune.

Liabygda har i perioden 2019-2024 hatt ein nedgang i folketalet. **Ser ein det i samanheng med folketalutviklinga i Møre og Romsdal er det ein større nedgang i folketalet på austsida av Storfjorden enn Vestsida, Stranda hadde ein oppgang andre kvartal 2024.**

Kjelder: SSB

Folketalutvikling i Møre og Romsdal 2012-2022

- Vekst +10,0 til 17,6 prosent
- Vekst +5,0 til 9,9 prosent
- Vekst 0,0 til 4,9 prosent
- Nedgang -0,1 til -4,9 prosent
- Nedgang -5,0 til -10,0 prosent



Grunnkrets		Folketal				
Nummer	Navn	2019	2023	2024	Endring frå 2019	Endring frå 2023
15250101	Liabygda	196	183	184	-12	1

Innbyggjarar etter alder per grunnkrins

Grunnkrets - innbyggjarar 2024	0-5 år	6-15 år	16-19 år	20-24 år	25-29 år	30-49 år	50-59 år	60-66 år	67-69 år	70-79 år	80 år eller eldre
	15250101 Liabygda	12	11	8	8	15	34	28	23	10	19

Kommunikasjonstilhøve og arbeidspending

Kommunikasjonstilhøve og reisetid

Liabygda har vegforbindelse via fylkesveg 650 som går til Sjøholt (E39 mot Molde og E136 mot Ålesund og sørover) og til Valldal i Fjord kommune. Tek ein ferja frå Liabygda og over til Stranda (10 min ferjetur) er det vegforbindelse med riksveg 60 i to retningar. Den eine vegen går via Hellesylt i Stranda kommune til Vestland fylkeskommune og den andre vegen til Sykkylven kommune.

[Sett inn kart med infrastruktur](#)

Liabygda ligg på austsida av Storfjorden, mens resten av Stranda ligg på vestsida av fjorden. For å kome til kommunesenteret i Stranda, må ein ta ferja Liabygda – Stranda, ein ferjetur på om lag 10 min. Total reisetid er om lag 20 min. Reisetida frå Liabygda til kommunesenteret i Stordal er 16 min, mens reisetida til kommunesenteret i Valldal er 12 min.

Stranda kommune finn det grunngeve å kommentere at både Stranda og Fjord kommune er delt av fjordar. I Fjord kommune må dei som bur i Nordal ta ferja Eidsdal – Linge og i tillegg må dei ha anna korrespondanse til tettstaden Valldal frå Linge. Dette vert nemnd med bakgrunn i kommunelova § 13-1 tredje og fjerde ledd, med bakgrunn i at dei folkevalde skal ha moglegheit til å ta stilling til problemstillinga ved ei faktisk og rettsleg grunnlag før dei tek stilling til saka og gjer endeleg vedtak.

Kommunedirektøren i Stranda har også overfor Statsforvaltaren peika på at tidsramma ikkje vert opplevd som forsvarleg, dette kan gå utover kravet til forsvarleg utgreiing jf. kommunelova § 13-1 tredje ledd. Kommunedirektøren ser at gjennomføring av eit eventuelt vedtak kan verte krevjande å gjennomføre utan ugrunna opphald, dette er også i samsvar med Inndelingslova §9 om saksutgreiing tredje ledd, det skal være naudsynte og rimelege utgreiingar i samsvar med saksførebuinga.

Inndelingslova §8 opnar for ein initiativrett, fyrste ledd ser ein til at innbyggjarane kan fremje søknad om grensejustering eller grensefastsetjing medan deling vert handsama i andre ledd og då er det kommunestyret sin sjølvråderett som er gjeldande. Dette er relevant å nemne sidan dette temaet var oppe sist sak om kommunesamanslåing vart handsama av departementet i sak deira ref. 17/1212-171 datert den 2. juli 2018. ***Sitat «Innbyggjarane i Norddal og Eidsdal mottek per i dag alle tenester frå Norddal kommune, og framstår som klart mest knytt til Norddal kommune. Utgreiinga har ikkje påvist openberre ulemper for innbyggjarane ved dagens grense som vil bli betre ved at bygdene blir flytta til Stranda. Det vil ikkje gje vesentlege kortare reisetid til kommunale tenester, og innbyggjarane vil måtte reise gjennom store deler av Fjord kommune for å komme til administrasjonssenteret i Stranda.»***

Legg ein dette til grunn vil det same verte gjeldande her der ein ikkje ser at det ligg føre openberre ulemper for innbyggjarane ved dagens grense, som ikkje vil verte betre ved at bygdene vert flytta til Fjord. Det vil ikkje gje vesentleg kortare reisetid til kommunale tenester, og reisetida til administrasjonssenteret vil ikkje verte kortare. Det er gangavstand frå ferjekaia til administrasjonssenteret i Stranda, og fleire reisande frå Liabygda tek ikkje med seg bil inn til Stranda grunna korte avstandar.

Det er relevant informasjon om ein ser tilbake til førre inndeling, der Fjord vart etablert som kommune og Nordal Eidsdal sine innbyggjarar i fleirtal søkte seg mot Stranda. Ein vil sjå at mange i regionen har sitt virke i Stranda kommune. Det bør difor heller leggjast opp til eit tettare samarbeid, enn å dele mindre kommunar opp utan at ein ser på kva dette har å seie for den totale tenesteytinga.

Føresegna til formålsparagrafen til inndelingslova er ny, men bygg på dei same prinsippa som formålsparagrafen i kommunelova .Formålsparagrafen bygg på dei sentrale verdiane som ligg til det kommunale folkestyret og lokaldemokratiet, men også effektivitet og eit nasjonalt fellesskap.

Etter kommunedirektøren i Stranda kommune si vurdering må ein sjå på kva som gjev eit godt tenestetilbod ved formålstenlege einingar. Det er ikkje berekraftig etter kommunedirektøren sitt syn å dele opp mindre einingar, der marginal forskjell i reiseavstand vert lagt til grunn.

Kommunane må sjåast på som ein eining som skal løyse lovpålagte oppgåver, ein må då kunne forvente at vurderingane vert bygd meir på økonomisk berekraft og kapasitet for å løyse lovpålagte oppgåver for alle innbyggjarane i Stranda kommune.

Formålstenlege einingar må ein kunne forvente bygg på økonomisk berekraft og kapasitet til å løyse lovpålagte oppgåver. Dette er også i samsvar med grunnloven § 49 andre ledd, og kommunelova § 1 fyrste ledd. Fleirtalet i kommunelovutvalet (1992) utalte at det kommunale sjølvstyret er så grunnleggjande og sentralt i Noreg at det bør gå fram direkte i formålsføresegna. Utvalet meinte vidare at sjølvstyre var eit så sentralt omgrep i formålsføresegna at det ville kunne ha verknad på lova si anna føresegn. (Norsk lovkommentar ved Jan Fridthjof Bernt – revidert 04.09.2023)

Sett inn figur med reisetid

Arbeidspendling

Stranda inngår i ein felles bu- og arbeidsmarknadsregion med Fjord og Sykkylven kommune. Kommunane Sykkylven og Ålesund er dei viktigaste utpendlingskommunane for Stranda kommune. Innpendlinga til Stranda kommune er størst frå Sykkylven og Ålesund.

X sysselsette personar pendlar ut frå Liabygda, og x personar pendlar inn til Liabygda. Samla sett er det ei netto utpendling frå grunnkrinsen på x sysselsette personar.


Sett inn kart med pendlarstatistikk

Kommunalt tenestetilbod

Barnehage og skule

Stranda kommune kjøper skule- og barnehageplasser til innbygarane i Liabygda med Fjord kommune.

Stranda kommune er vertskommune for Pedagogisk psykologisk teneste og barnevern for Fjord kommune.



Ein del av det kommunale tenestetilbodet er også knytt til Møre og Romsdal fylkeskommune sine tilretteleggingar for infrastruktur – Stranda kommune har to vidaregåande skular som med fordel ville har vorte styrka , ved ei betre tilrettelegging av rutetilbod mellom tettstadane Stranda og Valldal. Ferje og kollektivtransport ville mogleg auka søknadstilbodet til etablert Fylkeskommunalt skuletilbod

i Stranda. Dette betyr at det må være ein god korrespondanse Eidsdal -Linge – Liabygda – Stranda (med Valldal)

Helse og omsorg

Stranda kommune yt heimeteneste til heimebuande og brukarar på omsorgssenteret, etter vedtak, til innbygarane i Liabygda.

Planstatus

Liabygda er i kommuneplanens arealdel for Stranda kommune i all hovudsak sett av til landbruks-, natur- og friluftsmål (LNF). Det er og sett av område til bustad, idrettsanlegg, offentleg og privat tenesteyting, næring, fritidsbustnad og kombinert bustad- og anleggsformål. Havbruk er ikkje nemnd, dette er eit område som gjev betydeleg inntekt til Stranda kommune ved havbruksfondet. For 2024 vert det ein reduksjon, då eine lokaliteten Skotungneset er flytta til Fjord kommune rett overfor gamle Stordal. (Denne endringa gjev Stranda om lag 3 millionar mindre i inntekt enn forventa)




Det er verd å merke seg at Stranda kommune gjennom planarbeid og vedtak i kommunestyret har lagt til rette for utvikling av Liabygda. Stranda kommune er i gang med og har vedteke planar som vil få betydning for utviklinga av kommunen framover, difor er planarbeid og utvikling prioritert.

Ei grensejustering vil få direkte verknadar og vil ha større betydning for Stranda kommune sine innbygarar i negativ retning når det gjeld moglegheiter for å løyse framtidige oppgåver.

Det er vert å nemne sjøområda si betydning då dette er viktige ressursar både innan havbruk og turisme, samstundes som forvaltninga vil krevje samordning også for vern av vassdrag. Ei felles kommune vil gjeve meir føreseielege inntekter også på dette området.




Figur 2 raud strek syner forslaget frå Statsforvaltar på ny grense



I tillegg gjeld følgende reguleringsplanar:

- PlanID 1981002 – Del av Ringset
- PlanID 1973002 – Lied 1



Anna

Kultur- og foreiningsliv

Stranda kommune har eit rikt kultur og foreiningsliv, dette synast igjen ved ulike aktørar frå regionen som har gjort det bra innan idrett, som ski, basket, fotball, sykling, handball det er eit ynskje om å styrke hallkapasiteten fram i tid då det er eit aukande behov for innan ulike idrettar. Stranda kommune hevdar seg også nasjonalt innan musikk, film, forfattarskap med meir, dette speglast igjen i kvalitet og gjennomføring av skule og utdanning.

Stranda har vidare ulike foreininga som bidrege i Storfjordens vener, ein har utvikling innan matkultur og dreg naturleg nytte av dei naturgjevne omgjevnadane. Det er eit sterk og helsefremmande aldersvenleg samfunn gjennom ei aktiv og dyktig pensjonist foreining.

Det ligg planar om å etablere ein ungdomsklubb i Standa tettstad for å fange opp og gje eit tilbod til dei som ynskjer noko som ikkje er like direkte organisert i tillegg til det organiserte.

Det er kristne organisasjonar, speidar, musikk osv

Næring og handel

Stranda har eit mangfaldt av arbeidsplassar og næring som kan styrke etablert handel.

Det er viktigare med tett samhandling, og ikkje ei oppdeling som ein her legg til grunn. Det er eit ynskje frå næringa at kommunane Stranda, Sykkylven og Fjord har ein overordna felles plan som sikrar bruk og vern av dei viktige sjøareala inn fjordane. Næringane som nyttar fjordsystema treng gode planar, som både tek innover seg vern og bruk på ein slik måte at det er føreseieleg for alle partar.

Stranda Elva er ei av dei elvene som har opplevd ein god sesong i 2024, dette er eit døme på at forvaltninga av sjøområda er avgjerande for alle også næringane som er av avhengig av elvefiske.

Endringa i lovverk og føresegner vil for turisme og skip vil ha verknad for forvaltning av fjordsystema, det vert difor merkeleg å handsame dette som ei enkel grensejusteringssak.

Stranda kommune har starta opp arbeidet med å reforankre planar, starta opp bustadplan, gjennomgang av samfunnsplan, økonomireglement, finansreglement, utvida avtalar om samarbeid med granne kommunane Sykkylven og Fjord. Stranda kommune har eit variert og godt næringsliv med ei overkapasitet på arbeidsplassar, det er difor heilt naudsynt at prioritera arbeidet som kan gje framtidig vekst og snu den negative utviklinga. Stranda opplevde folketalsvekst for fyrste gong på lenge i andre kvartal 2024, dette mot alle odds.

Det viktigaste arbeidet no vert å legge grunnlaget for å sikre framtidig utvikling som styrkar og fasilitetar næringsgrunnlaget framover. Det er like viktig for ei kommune som det er for næringane og innbyggerane at det vert føreseielege rammer, oppdeling av små kommunar er ikkje ei slik føreseieleg ramme. Kommunedirektøren fryktar ei grensejusteringssak vil koste framdrift og få negativ verknad for Stranda kommune, innbyggerane og næringslivet.

Næringslivet i Stranda kommune er eit sundt næringsliv, der ein er har eit godt tilbod innan ulike næringar som er lite konjunkturavhengig, men det ligg krav og forventningar til alle næringane framover som krev gode samhandlingar med nabokommunane, mellom næring, kommune og anna forvaltning. Det vil verte reguleringar og krav til fjordar, reinse krav ein vert avhengig av godt koordinert infrastruktur. Mange av bedriftene har sterke merkevarer som står seg godt, det er ein god miks av lokal og ekstern kapital ein god og stabil arbeidstokk som trengs å aukast framover. Fylkeskommunen bør være ein av pådrivarane for å styrke utdanningstilbodet og sikre god infrastruktur til kommunen, slik at ein kan bu heime og få naudsynt grunnutdanning i Stranda eller Sykkylven om ein bur i Fjord, Stranda eller Sykkylven.

Det er kort veg frå Liabygda til eit variert arbeidsmarknad tilbod i Stranda, behovet vert å legge til rette for busetnad og gode føreseielege kollektivtilbod som bygg opp under den etterspurnaden næringslivet og skulane har.

I høyringsuttala om felles sjøarealplan Storfjorden for Stranda – Fjord og Sykkylven er det uttalt at ein vil utvikle dagens lokalitetsstruktur for å optimalisere biosikkerheita for både oppdrett - og vill laks. For at sjøareala skal gje tilstrekkeleg utviklingsmoglegheiter, sikra dagens drift krev dette samarbeid mellom kommunane. Det er like viktig for alle kommunane langs Storfjorden å legge til rette for biosikkerheit og framtidige arbeidsplassar, slik at ein har kontroll på infrastruktur gjennom godt planverktøy og infrastruktur. Dette er avgjerande å ha kontroll for å sikre biosikkerheita i fjordsystema ved å ha felles føringar og krav.

Tekniske tenester og brann

Vatn og avløp

Privat anlegg i liabygda for vatn og avlaup er offentleg

Veg

Stor andel kommunale vegar ikkje talfesta

Kaier

Fylkeskommunal kai på Gravanoeset og kommunal kai Ovråneset

Brann

Samarbeid på brann der kostnadsfordelinga er Stranda 1 628 000,- kr og Fjord 1 428 000,- kr – Stranda er vertskommune for samarbeidet.

I dette ligg det tilsyn, feiing – ansvar for beredskap og øving av personell.

Konsekvensar for kommuneøkonomien

Stranda kommune har betydelege midlar igjennom havbruksfondet desse er framover venta å være mellom 8-9 millionar der hovuddelen av anlegga er lokalisert i det området der Stataforvaltaren legg opp til å grensejustere over til Fjord, om grensejustering vert gjennomført.

Stranda vil miste innbyggartilskot, men også sjølvstøtt spare nokre kostnader. Totalt for Liabygda vil det ikkje gje store endringar, men vil dette få negative konsekvensar for heile Stranda kommune.

Stranda har lagt ned ressursar som vil gå tapt, og ein vil miste framtidige inntekter som har vore handsama og planlagt gjennom kommunen over år.

Omstillingsarbeidet som er starta vil få seg eit skot for baugen, og ein vil setje rasjonelle samarbeidsmodellar tilbake. Med argumenta som er nytta med at fjorden deler kommunane vert det ikkje vurdert og lagt til kva det har å bety for kommuneøkonomien.

Både Stranda og Fjord kommune er for små kommunar til å kunne ha eit fullgodt tilbod, det er difor ikkje grunnlag for å dele dei opp då det vil skade annan industri og næringsgrunnlag. Det beste hadde vore at ein hadde tett samarbeid eller gjekk så langt at ein slo seg saman.

Interkommunale samarbeid mellom kommunane Stranda og Fjord

Eksisterande samarbeid

Stranda kommune er vertskommune for Pedagogisk psykologisk teneste og barnevern for Fjord kommune.

Brann og redning

Samarbeider på forvaltningsnivå verdsarv og sjøområda

Pågåande prosessar

Kommunane Stranda, Fjord og Sykkylven har noko samarbeid i dag. Dei tre kommunane ser at det i nokre tilfelle er naturleg å forsette samarbeide slik det i dag står fram, men er samde om at dei ynskjer å får utgreidd kvar dei kan samarbeide tettare i framtida. Alle tre kommunane ser det er viktig å få vurdert kvar ein må samarbeide for å verte mindre sårbare i oppdraget med å leve gode tenester og styrke fagkompetansen.

Ein ynskjer å avdekke utfordringane kommunane står i med omsyn til kompetanse, tenesteproduksjon og framtidig utvikling av kommunane som naturleg har felles utfordringar innan tenesteproduksjon og geografi. Eit viktig bidrag til prosjektet vil være å gjere kommunane betre rusta til å gjennomføre lovbestede oppgåver og utvikle samfunna i samsvar med nasjonale, regionale og lokale føringar.

Dei første tenesteområda vi ynskjer å utgreie eit mogleg samarbeid på mellom dei tre kommunane er:

- Plan og geografi tenester- Landbruks og skogsforvaltning tenester, vilt / kontor- Utvikle samarbeidet på veterinærtenester
- IKT samarbeid (utover Digi MR)
- Felles rekrutterings og tilsettingsstrategi (fellesstillingar for eksempel helse)
- Fellestenester innan klima, miljø og veg/anlegg,
- Fellestenester brann/førebygging/beredskap

Utover dette vil fylgjande ligge til grunn i utgreiingane:- Interkommunale samarbeid på fleire enkeltområde- Opplæring, erfaringsdeling og diskusjon- Organisatoriske- Innovasjon, Samarbeider på forvaltningsnivå, verdsarv og sjøområda